

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
049/16	Plan- og miljøutvalet	PS	27.04.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eli Bjørklid	15/3715

Gbnr 233/1 Eide Indre. Deling av grunneigedom, handsaming av klage.

Vedlegg:

Klage på avslag sak 012/16 - gbnr 233/1 Eide indre

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune har vurdert dei momenta som er sett fram i klagen datert 25/2-16. Kommunen finn at det ikkje er komme fram nye moment av vesentleg karakter. På denne bakgrunn finn kommunen ikkje grunnlag for å endre vedtaket gjort i sak 012/16. Vedtaket vert oppretthalde og klagen ikkje teke til følgje. Saka vert sendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

.....

Plan- og miljøutvalet - 049/16

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Lindås kommune har vurdert dei momenta som er sett fram i klagen datert 25/2-16. Kommunen finn at det ikkje er komme fram nye moment av vesentleg karakter. På denne bakgrunn finn kommunen ikkje grunnlag for å endre vedtaket gjort i sak 012/16. Vedtaket vert oppretthalde og klagen ikkje teke til følgje. Saka vert sendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar:
Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

Eigedom: Gnr.233 bnr.1 Eide indre
Adresse for eiged.: Eidavegen 501, 5953 Ostereidet
Type tiltak: Søknad om deling av grunneigedom
Heimelshavar: Herleif Dalland
Søker: Eivind Mariussen

Det er søkt om løyve til å dele frå eit mindre areal som gbnr 233/93 skal nytta til lagerplass. Saka vart handsama av Plan – og miljøutvalet som sak 012/16, og det vart gjort følgjande vedtak:

- Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, for å dele frå 250m2 jorddekt fastmark til parkeringsføremål, slik det er søkt om.
- Med heimel i pbl §20-1 vert det ikkje gjeve løyve til deling av gbnr233/1 slik det er søkt om.
- Med heimel i Jordlova §12 vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå 250m2 jorddekt fastmark frå gnr.233 bnr.1 slik det er søkt om.

Vedtaket var samrøystes og identisk med tilrådinga frå rådmannen.
I brev til kommunen datert 25/2-16 klager søkeren på denne avgjerda.
Følgjande argument er sett fram i klagen, som er komme inn i rett tid:

Flytting av nokre meter veg vil ikkje vere til hinder for landbruk eller allmenn ferdsel. Vegen har ikkje vore nytta til tursti. Tilkomst til vår eigedom vil heller ikkje framstå som meir privat ved frådelling av 280m2.

Då me bygde i 1981/82 var området krattskog og nærmest uframkommeleg. Stien og vegen har blitt bygget i samsråd med grunneigar.

Grunnen til at vi søker om frådelling er som følgjer: kona mi driv eige føretak. Dette er landbruk, men ho eig ikkje gard. Ho paktar tre gardsbruk, og dei reiskapane som ho treng er lagra på vår eigedom 233/93, og på den planerte plassen som det no vert søkt om å få dele i frå.

Området er såleis ikkje tenkt til privat parkering, mentil oppstilling av diverse landbruksutstyr.

Avslaget er begrunnet med ulovlig planering. Me var ikkje klar over at planering av overskotsmasse etter garasjetomt var søknadspiktig. Me har vore opptatt av at alt som vart gjort skulle vere til beste for landbruk og området rundt. Me har avtale med grunneigar om disponering av dette området.

Vurdering:

Det kjem fram av klagen at vegen som i dag går til areala bakom den planerte parsellen ikkje er i bruk av andre. Argumentet om at tiltaket vil skape ulempe for landbruksdrifta og for friliftslivet, fell då bort.

Dette er eit av to argument argument for at kommunen ikkje godkjende delinga slik det var søkt om. Det andre argumentet var spørsmålet om å dele frå eit areal der arealbruken er endra utan at det er gjeve løyve, samstundes som denne endringa er

eit argument for deling.

Av preventive omsyn meiner kommunen det er uheldig å dele frå slike areal. Dette går og fram av ein uttale frå Fylkesmannen til kommunen i ei anna sak.

I klagen skriv søker at han «ikkje var klar over at planering av overskotsmasse etter garasjetomt var søknadspliktig.» Med andre ord meiner han seg i god tru, og dette er med på å redusere alvorlet.

Klage bringer elles ikkje fram argument som ikkje alt er drøfta i samband med sjølve saka.

Tiltaket er lite. Det gjeld å dele frå 280m² jorddekt fastmark. Av denne parsellen er alt 150m² teke i bruk til bortsetting av reiskap. For landbruket eller for dei andre omsyna bak LNF føremålet får tiltaket lite å seie. Men prinsippet om å søke føre ein gjennomfører tiltak er likevel eit prinsipp som og må gjelde for mindre tiltak. Så lenge tiltak går føre seg på annan mann sin grunn og gjeld endring av arealbruken i LNF områda, er det naudsynt å søke.

Søker meiner truleg at tiltaket er til landbruk sidan det gjeld lagerplass for reiskap som vert nytta til landbruk, men så lenge det ikkje er landbruket sjølv, men ein frittstående privat organisasjon som skal nytte areala, er tiltaket forskjellig frå landbruk og dispensasjon er naudsynt.

I samband med søknad om deling, fekk søker tilbod om å redusere storleiken på arealet som skulle delast frå, mot at saka art løyst som ei grensejustering og såleis ikkje vart omfatta av behovet for å fatte vedtak om deling. Dette var det ikkje interesse for.

Administrasjonen vurderer det slik at det ikkje er komme fram nye opplysningar av vesentleg karakter. Det er slått fast at vegen som går til areala bakanfor ikkje vert nytta til friluftsføremål, og at bonden meiner flytting av vegen ikkje er til hinder får å nytte vegen til landbruksføremål. Men det står og fast at planering/dumping av overskotsmasse er gjennomført utan løyve. Etter tilråding frå fylkes i sak 15/3129 bør ein då vere forsiktig med å gje løyve til deling. Dette er for at slik ulovleg omdiponering til andre føremål, ikkje må vere ein brekkstang for frådeling. Administrasjone rår til at vedtaket i sak 012/16 vert oppretthalde og klagen ikkje teke til følgje.

.....